



**Hjartdal
Elverk AS**

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Dykkar ref. 201106501-10

Sauland 16.3.2016

Svorte kraftverk AS-Søknad om løyve til å byggje Svorte kraftverk i Hjartdal kommune i Telemark –høyring

Hjartdal Elverk er positive til ei bygging av Svorte kraftverk i Hjartdal kommune.

Det er pr. i dag tilknytt 3 småkraftverk og eit mikrokraftverk til Hjartdal Elverk sitt 22kV distribusjonsnett, med ein samla ytelse på om lag 11,2 MW.

Tilknytning av småkraftverk ute i distribusjonsnettet gjev ulike utfordringar, t.d. spenningsvariasjonar ut frå storleiken på produksjon og forbruk.

For Svorte kraftverk så vil det vere aktuelt å gjennomføre ei nettanalyse av 22kV distribusjonsnettet for å kunne belyse punkter som eventuelt må utbetrast, da spesielt på strekninga mellom Svorte kraftverk og Hjartdøla kraftverk.

Det vil i situasjonar der det blir utveksla kraft mellom nettselskapa Vest Telemark kraftlag og Hjartdal Elverk kunne skje det at Svorte kraftverk ikkje kan køyrast.

Når det gjeld tilknytning av kraftverket og grensesnitt mot distribusjonsnett, så ser vi for oss dette i ein nettstasjon/koplingskiosk.

For avtale om nettilknytning så vil det vera REN sitt avtaledokument som vil bli lagt til grunn.

Ein del av innhaldet i dette brevet er det også opplyst om i brev frå Hjartdal Elverk til utbyggar/søkjjar, brev datert 17.12.2015.

Med venleg helsing


Oddgeir Kasin

Avdelingsleiar nett/driftsleiar